

LINDÅS KOMMUNE  
Kvernhusmyrane 41  
5914 ISDALSTØDato: 10.05.2019  
Vår ref.: 2019/11130-7  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

Att. Siril Therese Sylta

## Opplysning om ulovlig tiltak etter plan- og bygningslova og kulturminnelova - førespurnad om felles synfaring - Isdal gnr. 185, bnr. 3. - Lindås kommune

Statens vegvesen (SVV) har den 02.05.19 gjort Hordaland fylkeskommune ved Fylkeskonservatoren oppmerksom på ulovlege tiltak i Lindås kommune, nærare bestemt i Isdalen på gnr. 185, bnr. 3. Så langt me kan sjå vedkjem tiltaka både plan- og bygningslova og kulturminnelova. Fylkeskonservatoren sende den 02.05.19 ut ein e-post der me bad Lindås kommune om å sende ut stoppordre etter pbl § 32-4.

Det er registrert eit automatisk freda kulturminne på garden, ein gravhaug frå jernalder med Askeladden id. 97664. På innsend dokumentasjon frå SVV og ortofoto frå staden, kan det sjå ut som det er etablert ein ny veg/snuplass/påfylling inn i og ved det automatisk freda kulturminnet med tilhøyrande sikringssoner. På motekne dokumentasjon/bilete kan det i tillegg sjå ut som om det er planlagt eit nytt tiltak nær gravhaugen. Tiltaka i strid med kulturminnelova § 3:

*«Ingen må – uten at det er lovlig etter § 8 – sette i gang tiltak som er egnet til å skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte utilbørlig skjemme automatisk fredet kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje».*

Me har ikkje funne at nemnde tiltak er omsøkt og godkjent av Lindås kommune si byggesaksavdeling. Me ber om ei felles synfaring med byggesaksavdelinga i kommunen snarast og innan to veker frå dags dato.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservatorSigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*